

Stendal Vvs AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17984 - 20/78606

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2020

Tilbakemelding om manglar ved søknaden - gbnr 471/18 Taule indre

Tiltak: Utsleppsløyve
Byggjestad: Gbnr: 471/18
Tiltakshavar: Åse Taule
Ansvarleg søker: Stendal Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.11.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Kart/situasjonsplan

Søknad skal vise plassering av avlaupsanlegg og utsleppstad på kart i målestokk 1:5000 eller større, jf. forureiningsforskriften § 12-4 første ledd nr. 1 bokstav d. Anleggets avstand til grense og bygningar må påførast kartet.

Skildring av utsleppsstaden

Det er opplyst i søknaden at utsleppet vert ført til eksisterande sandfiltergrøft. Dette er ei løysing som kommunen ikkje kan godkjenne. Utsleppet skal førast i tett leidning fram til landbruksgrøft med heilårsvassføring eller til bekk. Dette må visast på situasjonsplanen.

Erklæring om rett i fast eide dom.

Der er vist i kartet at anlegget vert plassert på gbnr. 471/5. Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eide dom og rett til bruk av privat avlaupsleidning skal tinglysast på eide domane. Me ber om at søknaden vert supplert med erklæring om rett i fast eide dom.

Dokumentasjon av reinsegrad

Dokumentasjon av at reinsetiltak og reinsegrad for reinseanlegg er eigna skal verte laga av nøytrale fagkyndige innan vatn og avlaup, jf. forureiningsforskriften § 12-10.

Søknaden inneheld ingen opplysningar om kva type anlegg som er valt. Søknaden må supplerast med opplysningar om type anlegg og storleik.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innen 09.01.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

471_18_situasjonsplan

Kopi til:

Arild Taule	Sæbøvegen 546	5938	SÆBØVÅGEN
-------------	---------------	------	-----------

Mottakarar:

Stendal Vvs AS Åse Taule	Blombakken 1 Sæbøvegen 541	5911 5938	ALVERSUND SÆBØVÅGEN
-----------------------------	-------------------------------	--------------	------------------------